

Til Indre Sogn med Sogn og Fjordaneringen

Pinsa 2007, 25. - 28. mai

Reiseskildring av **Ragnhild Slyngstad**

Ringene inviterte til pinsetur. Vi var 26 i alt. Av dei var 4 frå laget og 3 som vi inviterte fordi dei dansar av og til med oss.

Avreise gjekk kl.12 om fredagen med buss til **Aurland**. Det viste seg etter kvart at sjåføren var frå Hamar. Thor Arne Stenberg var folkedansar han også, og vi fann snart tonen. Framme i Aurland vart vi installerte i rorbuene, 4 på kvar, der to måtte kripe opp innunder loftstaket. Men vi hadde det veldig bra i rorbuene, og trivdes der med bylgjeskvulp utanfor vindauga. Denne kvelden kunne vi samlast oppe hos Rannveig der vi fekk varm betasuppe. Etter eit kort besøk i "Johannesstova", fekk vi komme inn på galleri Vinjum og på Sivlesamlinga. Ingvar Vikesland fortalte og tok oss rundt der.

LAURDAG

Vi var på kaia 9.15 og tok fylkesbåten "Gudvangen" utover og sidan inn **Nærøyfjorden**. Ein kort stopp i **Undredal** der eit songkor stod på kaia og song "Mellom bakkar og berg". Vi stemte i med dei. Det var kald vind, men sol innover fjorden. På **Styvi** la vi og til kai for å sleppe av ein passasjer. Det er ein gard og ikkje ei bygd. Veg har dei ikkje, men er motoriserte likevel på sitt vis. Før var dette eit viktig knytnepunkt i postruta.

Bakka derimot, lenger inne i fjorden, er fleire klynger med hus, og her skein den kvite kyrkja i sola. Det var det siste vi såg av den på den dagen, sola altså. For i Gudvangen byrja det å regne.

No fekk vi omvisning i "Grotten", den største eg har sett i Noreg. Vi gjekk tagnande innover til musikk av Grieg, og på eit teppe som var lagt ut over sanden. Fleire sidehallar opna seg. Veggene var opplyste av lamper med forskjellige fargar, og i ein av dei små dammane sette vi ned tente T-ljos. So vart vi møtt av fulle kaffikanner og krydderkaker inst inne. Om vi ville kunne vi her få med oss ein stein heim til Oslo, stor eller liten.

No var dagen så vidt begynt. Vi heldt fram - og heldt pusten – opp **Stalheimskleiva**. Her stansa vi ved **Sivlestøtta** og fekk eit lite foredrag av Alv Reidar med høgtideleg Sivlesong vi tok del i. Det var riktig hufset og kaldt no, og vi tydde inn i hotellet der dei fleste bestilte varm gulrotsuppe. Vi måtte vente til gulrøtene var mosa og kokte, og det var l e n g e. Men påskjøninga kom. Alf Reidar hadde fått kontakt med disponent og dagleg leiar av hotellet, Trygve Dugstad, og han tok oss med rundt i museet som ligg bak hotellet, og som må vere eit av Noregs beste og mest bevarte løyndom. Dette er ei imponerende samling av eldre hus, frå røykstova til Stalheim sitt fyrste gjestehus. Samlingane inne er rikholdige og varierte: omnar, baketrau, ølbryggarutstyr, tiner, teppe, og so bortetter. Bilete og teikningar viser hotellet si utvikling, og Dugstad fortalde levande og engasjert om det heile.



Vi kom nesten stumme ut att, og bra var det at vi fekk ein tunnel å samle oss i før neste openberring, som var **Undredal**. Her ligg den minste stavkyrkja i Skandinavia som ennå er i bruk. Ho er frå 1147, den opphævelege kyrkja var berre 3,8 x 5,3 meter. Etter kvart kom våpenhuset til.



Elles er det geita som no pregar bygda. Her er det 350 av dei, og produksjonen av fleire sortar geitost, samt sau- og geitepølser som vert



landskjende etter kvart. Leif Inge Underdal, som tidlegare har dansa i Sogn og Fjordaneringen, opna butikken for sal, og sidan restauranten nede på brygga. Vi skulle eigentleg sitje ute under tak av plast, men det var isnande kaldt, og regnet hadde starta att. Då nokre frå ringen protesterte på denne matsalen, svara kelneren: "Dokke e på Vestlandet no!" Kanskje er vi ikkje ekte vestlendingar lenger? For gleda var stor då vi fekk benke oss inne i smia. Forretten var geitostar og pølseknabb, og so kom hovudretten med kokt kje og grønnsaker.

Per Harald fortalde eventyr og Leif Inge fortalde om produksjonen. No veit vi alle korleis ein kan lage både geitost og brunost av same mjølka. Elleve liter geitemjolk til to kilo ost. So var det meininga vi skulle danse på brygga. Dei fyrste unge turistane var allereie komne dit for å sjå folkedans. Vi måtte skuffe dei. Vi måtte heim for sjåføren si skuld. Og bra var vel det. For det kjem ikkje mykje vakkert ut av stivfrosne dansarar med anorakkar og joggesko.

SØNDAG

Avreise fyrst klokka 10, og no var det i tillegg sol og litt varme. Vi drog til **Flåm** og tok toget opp til **Myrdal** der det var snø. Dei som kjenner ruta veit at toget stansar midtvegs, ved **Kjosfossen**, for at vi skal kunne sjå huldrene og høyre songen deira. Det same skjedde på turen nedover. Eg merka meg at huldra har skifta song frå sist eg var der for fem år sidan. Nede i Flåm /Fretheim tok bussen oss til den gamle kyrkja frå 1670 i Flåm. Vi stansa ved Sivlestøtta som står her, og slo ring med "Vesle lerka". So tok vi ein titt på stova der Sivle skal vere fødd, og enda opp på kyrkjegarden. Her hadde nokon sett oss frå vindauga, og gartnaren kom ned med nøklane for å låse opp for oss. Endå eit prov på den velvilje vi vart vist overalt.



So for vi til **Otternes bygdetun** nærmare Aurland, og gjekk opp dei bratte bakkane. Det er 27 eldre hus i denne gardsklynga, eigentleg fire gardar. Under utskiftinga i 1860-åra vart det ikkje gjort noko med dette bygdetunet, og teigblandinga heldt fram. Laila Kvellestad tok oss alle i handa då vi kom. No viste ho oss litt rundt, og tok oss med inn i Eilertstova. Han var den siste som budde her fast. Ho fortalde at ein ven som kom innom ein kald vinterdag, fann Eilert som sat inntulla i eit teppe på sofaen. "Men kvifor set du ikkje på omnen og varmar deg?" spurde han. Nei, Eilert hadde sett omnen ned i kjellaren, for "elles ville potetene frysa"! Kvellestad tok oss no med inn i eit tidlegare fjøs, og der fekk vi rjomegraut til akkompagnement av trekkspelmusikk, framført av tre 15 år gamle gitarar frå bygda. Etter dette fekk vi kaffi i eit av dei andre husa.



Framme i Aurland venta Anders Åsen på oss i **Vangen kyrkje**, som er frå 1202 og vert kalla Sognedomen. Ein trur at det var kong Sverre som tok initiativet til dette kyrkjebygget etter at han kom levande frå eit forferdeleg uvær i fjellet på veg til Aurland.



Dinest drog vi med bussen, dvs. bussen drog oss opp, til utkikspunktet **Stegalåen**. Det var ei hasardiøs ferd. Farten var 8 kilometer i timen, og det var få centimeter til vegkantane og djupet nedanfor. Då vi kom opp sa sjåføren, Thor Arne: "Nå må dere opp med konjakklerka for den må je ha for å komme nedatt!" Nedover gjekk det med same farte som oppover,

kanskje enda saktare, for her skulle ikkje bremsene gå varme. I eit par svingar måtte vi sikksakk-rygge for å komme rundt. Thor Arne foreslo å sette av dei som syntest dette gjekk vel seint, so kunne dei gå føre. Sjølv måtte han innrømme at dette var den tøffaste jobben han nokon gong hadde hatt. Men vi roa oss ned med kaffi og kaker hos Rannveig og Jon etterpå.

MÅNDAG

Dette var siste dagen og vi skulle heim att, men det var ikkje slutt med opplevingane av den grunn. Vi fekk kome innom villakssenteret i **Lærdal**. Der fekk me sjå ein imponerende film om laksen si vandring, og ei utstilling som gav mykje informasjon. Dessutan laksemiddag, dessert og kaffi. Den siste stoppen på turen var i **Borgund stavkyrkje** der Maren gav oss fin innføring i historia og konstruksjonen av kyrkja. Sveler og kaffi i nybygget på andre sida av vegen.



Heile turen var ei imponerende samansetning av alt ein kan ønskje seg, og som det er verdt å oppleve på ein tur til indre Sogn. Komiteen med Valbjørg Grønvik, Rannveig Vinjum Nes og Kari Myrvang har gjort framifrå arbeid. Takk til dei!

Oppsummering

Til slutt spurde eg nokre av deltakarane kva som hadde imponert dei mest. "Stalheimsmuseet", sa Johanne, Bjørn, Kjell og Eldbjørg. "Flåmsbana", sa Helen. "Otternes", svara Aud. For Valbjørg var det godt å vite at ho "ikke mista noen av pinsevekkene på turen". Ho telte opp for kvar båt-, tog- og bussavgang. (18 gonger ialt, trur eg). Randi nemnte Stalheimskleiva og fossane, og sette mest pris på rjomegrauten. Og kva med Olav som kjenner fylket og kjem derifrå? Han hadde aldri før sett grotta ved Gudvangen eller kyrkjene i Vangen og Flåm. Bo uttrykte det alle sidan slutta seg til: Det mest imponerende var den måten vi vart mottekne på. Det varma oss alle å møte desse folka.